

Visitasføredrag Fusa og Os sokn – Bjørnafjorden, 23. november 2025

Føst så vil eg sei takk for fellesskapet i gudstenesten. Det er det viktigaste biskopen gjer, tenkjer eg, å feira gudsteneste med kyrkjelydane i bispedømet. Takk for at de har feira saman med oss denne dagen, at ungane var med og at det var eit godt gudstenestefellesskap.

Kjære kyrkjelydar i Bjørnafjorden - Fusa og Os.

Takk for fine visitasdagar som eg fekk oppleve her for vel ei veke sidan, 11. – 13. november. Dette visitasføredraget skal oppsummere noko av det eg har sett og opplevd desse dagane. Det har blitt til i samarbeid med seniorrådgjevar Jens Meyer på bispedømekontoret som har vore med på visitasen.

Vanlegvis så er visitasgudstenesta i den same veka som visitasen her, men på grunn av at eg måtte til London førre veke og vere med på ei gudsteneste i sjømannskyrkja der kongeparet var til stades, så måtte me utsetje visitasgudstenesta til i dag. Så takk for at de var tolmodige og venta på meg, og no er me her, og her er det godt å vere.

Prost Kristin kunne dessverre ikkje vere med oss på sjølve visitasen, men no er du her. Det var eit sokn, for prosten er jo er min gode representant i Fana prosti og dermed også i Bjørnafjorden til vanleg.

Kyrkja i Fusa og kyrkja i Os er ulike på mange vis, og slik sett så kunne eg har vore på nesten to visitasar. Men de har også mykje felles: De er bl.a. velsigna med to veldig gode stabar, i tillegg til ei veldreven driftsavdeling som leverer tenester på høgt nivå på dei mange gravplassane og kyrkjebygga i kommunen.

Før visitasen så får biskopen alltid tilsendt ei visitasmelding som seier noko om «rikets tilstand», og den viser også de me har opplevd, at begge sokna har «fullt trøkk» med mange aktivitetar. Engasjementet er stort, ikkje berre i stabane, men også blant dei folkevalde i sokneråd og fellesråd og blant dei mange frivillige.

(Fusa sokn)

Me starta visitasen på kyrjekontoret i Eikelandssosen førre tirsdag, der eg møtte dei tilsette i Fusa sokn for å bli kjent og høyra om gleder og utfordringar i arbeidet.

Staben i Fusa har trufaste medarbeidarar, dei fleste har vore her i mange år. Det var gjennomgåande at de uttrykte stor glede over å få tena i Guds rike saman med dei andre i staben. Eg merka meg også særleg kjærleiken til dei fem kyrkjebygga soknet har i Fusa. Det er ganske rørande og kjekt å høyra kyrkjetenarane fortelje om **si** favorittkyrkje, sitt hjartebarn.

Det er ei stor gåve å ha slike medarbeidarar! Også **medlemene** i Fusa sokn er glade i kyrkjene sine, og me fekk høyre at de i «katedralen» i Strandvik arrangerer open kyrkje kvar tredje tysdag, fordi ein ønsker liv i kyrkja, også når gudstenestene er sjeldnare enn tidlegare.

Det er også imponerende og gledeleg å høyre, og dette har eg høyrte før også, at bortsett frå i Fusa kyrkje, som har høgtidsgudsteneste på første juledag, så er det julaftan-gudsteneste i alle kyrkjene i Fusa sokn, og i bedehuset i Holmefjord også. For å få dette til, er det team av frivillige, korps osv. som stiller opp. Det seier meg noko om kor viktig tradisjonar og stabilitet er for menneska i bygdene våre.

Så fekk me høyra at det er mange unge i Fusa, ikkje minst gutar, som har fatta interesse for å lesa Bibelen. Dette skjer for det meste i ei anna forsamling, men blir også merka blant våre medlemmer og blant konfirmantane. Me fekk også høyra om god kyrkjelydssong under gudstenestene, og et er eit merke, tenkjer eg.

Dei fleste kyrkjene er ikkje særleg godt eigna til anna enn gudstenester og kyrkjelege handlingar, eigentleg det dei er bygde for, men de har for lenge sidan teke grep ved å bruke bedehuset i Eikelandssosen til både gudstenester og andre samkome.

Eg sette stor pris på å få besøka bedehuset og minglemiddagen der, som er ein open møteplass med låg terskel for alle generasjonar. Ekstra kjekt var det at også i Fusa er det eit barnekor, og dei var med denne gongen. Til dels avanserte songar vart framført med entusiasme og kvalitet frå det vesle koret. Og så var det imponerende å sjå at her kjem folk frå ulike delar av kommunen, nokre av dei med ganske lang reiseveg.

(Frivilligsentral)

På programmet stod også frivilligsentralen og Bruktbuo. Frivilligsentralen er ein av seks i landet som er eigd av kyrkja. Den har hand om mange tiltak som skal skapa møteplassar for folk. Her driv de eit særskilt viktig arbeid, ikkje minst med tanke på psykisk helse, og det gjer det på ein måte som gjer alle oss i kyrkja stolte.

(Skulen)

Og endå så rakk me i Eikelandsosen å vera med på skulen, Eikelandsosen skule med kyrkjelydspedagog Hildegunn Myrliid Eide på besøk i 6. klasse for å gå gjennom Bibelen med rørsler, eit opplegg som blir kalla for Bibelsporet. Og der har kyrkjelydspedagogen vore, og dei har øvd inn desse bevegelsene med høgdepunkt i Bibelsoga. Elevane var utruleg gode til å hugse ord og rørsler som gjev kunnskap om Bibelen. Dei kom gjennom oppsummeringa av heile Bibelen på 3 minutt og 20 sekund! Og det var visst ikkje pers eingong.

Det slår meg når me får oppleve dette, kor dyktige medarbeidarar me finn både i kyrkja og på skulen, med omsorg for elevane og med syn for korleis ein kan bygge gode miljø for ungane. I eit kjent afrikansk ordtak heiter det «it takes a village to raise a child» - det krev eit lokalsamfunn for å gje eit barn ein god oppvekst. Eg er glad for at kyrkja, skulen og kommunen kan samarbeida om denne viktige oppgåva, med respekt og på ein måte som gjer at me alle kan bidra med vårt.

(Samrådsmøte)

På kvar visitas har me eit viktig møte mellom alle sokneråda og fellesrådet, dei tilsette og biskopen. Denne gongen fekk osingane ta ferja over fjorden for å bli med på møtet i Fusa kyrkje.

Sjølv om dei to sokneråda har same fellesråd i same kommune, er det ikkje nødvendigvis slik at ein kjenner kvarandre så godt. Deltakarane på møtet fekk difor i oppgåve å svare på kva dei veit om kyrkjelydslivet i det andre soknet. Her fekk dei både skryte og lære av kvarandre.

Under ein samtale i grupper, snakka me om kva me lengtar etter og kva som er umisseleg for oss. Den samtalen kan de gjerne fortsette.

Kvelden vart avslutta med ei nydeleg kveldsbøn med salmesong i Fusa kyrkje.

(Os sokn)

Onsdagen drog me til Os, og starta i Tunet der me møtte alle deler av staben i Os. Soknepresten minna oss om å starte dagen med bøn, det er alltid ein god ting å gjera når me møtest, slik me også gjorde i gudstenesta i dag.

Også i Os opplevde eg medarbeidarar som er glade for tenesta og glade for gode kollegaer. De har ei fin blanding av dei med lang fartstid og andre som har kome inn i staben dei seinare åra.

Aktivitetsnivået er høgt, og de har høge **ambisjonar**. Då er det lett å kjenna at tid og ressursar ikkje alltid strekk til. Eg hørde ei utfordring om at når det skjer så mykje, kan det vera vanskeleg å ha oversyn, noko som kan hindre at ein samarbeider og i staden blir sitjande åleine med oppgåvene. Men de opplever jo også at god planlegging gjev gode resultat.

De har mange frivillige i Os, og godt samarbeid med kommunen og andre lag og organisasjonar, ikkje minst innanfor diakonien. Alt dette krev mykje organisering, og det er ei viktig teneste i vår kyrkje.

Denne dagen fekk eg også gleder av å besøka 10. trinn på Os ungdomsskule, med A, B, C, D, E, F – det var seks 10.klasser i kantina. Dei hadde samla seg og førebudd gode spørsmål til biskopen. Eg fekk gode og reflekterte spørsmål om alt frå bisperolla til spørsmål om Big bang, om me kom for å påtvinga dei tru og om biskopane si unnskyldning til skeive.

På ein visitas så høyrer det med at biskopen har samtale med dei vigsla medarbeidarane, så noko av tida har også blitt brukt til dette. Det er jo ikkje noko som er så synleg, men det er viktig for meg å lytte til korleis medarbeidarane våre har det.

(Konfirmantar)

I Os er det veldig mange konfirmantar, om lag 180 i dette årskullet. Eg hadde stor glede av å få vere til stades då nokre av konfirmantane fekk god undervisning om temaet «Kven er eg» - om identitet.

De har ei god organisering av konfirmantarbeidet og det var imponerende å sjå at det var heile åtte vaksne nede i kyrkja saman med dei 64 konfirmantane som var med den ettermiddagen. Her har blant anna konfirmantforeldre ei viktig rolle å spele.

Nokre av konfirmantane dykkar får tilbod om å vera med i Join Us, med kor og andre grupper. Også her var det vaksne til stades, både tett på ungdomane og i bakgrunnen, med nærvær, tillaging av ostesmørbrød og meir til. Og det er så viktig, tenkjer eg, at ungdomane våre har trygge, gode vaksne, ein eller annan stad der i bakgrunnen, som er der, sånn at dei kan kjenne eit godt nærvær.

Tunet ligg sentralt plassert på Os, og de har kobla denne faste aktiviteten saman med tiltaket «Ungdomstunet», som er eit tilbod med låg terskel. Her har de vore frampå og fått midlar frå staten ved «BUF-dir» for å lønne ein prosjektleiar.

Så fekk eg sjå dette rommet som ungdomane sjølve har vore med på å pussa opp. Her er det ein stad å «hengje» saman med andre og kanskje prøve seg i ei av gruppene i Join Us. Mykje kjærleik og hardt arbeid ligg bak innsatsen dykkar her, og, som eg sa, me såg vaksne som er villige til å gå ei ekstra mil med dei unge når det er nødvendig.

(Torsdag)

Så er det endå fleire programpostar som høyrer til på ein visitas. På torsdag morgon møtte eg prestane i Fana prosti, og me hadde ein god samtale om det å forkynna. Kva krev det av oss prestar som står i denne tenesta, og korleis går me inn i førebuing og formidling når me skal møte så mange menneske i ulike samanhengar? Det var for meg ein tillitvekkande og – trur eg – open samtale om noko av det viktigaste, og kanskje mest krevjande prestane står i i vår tid.

Eg er også glad for møtet me hadde med kommuneleiinga på rådhuset, der ordførar, varaordførar og to kommunalsjefar tok imot ein ganske stor delegasjon frå kyrkja. Eg opplevde at det er ein god og open tone mellom kyrkje og kommune, der me også fekk bore fram kva kommunen må sørge for av økonomi og rammer innanfor lovverket. Det mest konkrete me fekk med oss etter møtet, var ei gjensidig forventning om møtepunkt gjennom året, ikkje berre når budsjettet skal leggast. Eg trur på den krafta som ligg i gode relasjonar, og ser fram til å høyre korleis slike møtepunkt kan leggjast til rette for i tida som kjem.

Torsdagen avslutta me i strålende haustvêr med konsert på Kongshaug musikkgymnas. I gymsalen venta alle tre årstrinn på biskopen, og me fekk oppleve ei flott framsyning med danseoppvisning frå musikalen Grease, ulike musikkstykke og ikkje minst det store elevkoret som no øver til julekonsertane. Det er verkeleg eit kraftfullt miljø de har her på Os, og det er flott å sjå og høyre at de også ser og får oppleve desse ungdomane i kyrkja her gjennom året.

(Strategi)

Midt i denne daglege aktiviteten me har sett, er begge sokn inne i ein strategiprosess.

For å finna vegen vidare, må ein vite kva ressursar ein alt har, og hjå dykk er det mykje å byggje på.

Det rike kyrkjelydsarbeidet dykkar med mange **menneskelege ressursar**, har me snakka om.

Det andre som er gjeve dykk, er ein rik **bygdekultur**. Sjølv har eg røter både frå Hålandsdalen og Os, og den første dagen så plukka eg med meg brosjyre for dei vakre bunadene og draktene de har her i Bjørnafjorden, - dei vitnar om lange linjer og medvit om tradisjon og om dei som har vore her før oss.

Kulturen har også med seg eit rikt organisasjonsliv og mykje frivillig innsats. Dette tener kyrkja på, og de bidreg sjølve i høg grad til denne kulturen.

Den tredje verdien eg vil nemna, er dei mange **kyrkjebygg** våre. Dei er mangfaldige og vitnar om ei lang kyrkjeehistorie – frå Lysekloster og Holdhus til Nore Neset kyrkje som no fyller 25 år. Det er framleis viktige møteplasser, også i små grender. Og så har de teke i bruk bedehuset i Eikelandssosen, og de har bygd på og utvida Tunet i Os. I tillegg har de i Fusa no fått både kyrkjekontoret, frivilligsentralen og Bruktbuo i same hus som Fjord'n nærsenter.

(Endringar)

Slik har de vist evne og vilje til å møte endringar, og dei kjem stadig. Sist de hadde visitas, var de i kvar dykkar kommune. No er de saman. Geografien har ikkje endra seg, men for Os sin del, har Lagunen og Bergen kome nærare, noko de merker i ungdomsmiljøet.

Framover er det kanskje endringane i folket – demografien som særleg vil kreve gode strategiar. Korleis kan ein møte ulike aldersgrupper og kulturar, både med kyrkja sin bodskap og som ein arena for frivillig innsats? Begge sokn seier at de opplever at det er utfordrande å nå aldersgruppa 18-60. Kanskje de kan tenkja litt saman om nett denne utfordringa?

I **Fusa** har eg møtt ein framoverlent kyrkjelyd. Gjennom mange år har de vore kreative, sett nye vegar og møtt utfordringar med energi. Det er ei utfordring å fordele ressursane sentralt og ute i krinsane. Kanskje går det an å samla lokalbefolkninga til fleire ulike tiltak for fleire aldersgrupper når ein først har ei gudsteneste?

I **Os** spør ein seg: Er me bygd eller by? De lever vel i ein kultur prega av begge desse to, så utfordringa er å møte dette på best mogeleg vis. I noko av arbeidet kan de henta inspirasjon frå kvarandre, men det kan også vera nyttig å møte andre med liknande utfordringar, til dømes i det ein kallar Frontkommunane som er naboar med Bergen. I Bjørgvinsamtalen som bispedømerådet inviterte til i september, møtte fleire av dykk andre sokn i bispedømet for nettopp å læra og bli inspirerte av kvarandre.

De må finna vegen, kvar for dykk, men under visitasen høyrde eg eit forslag om at dei to sokna kanskje kunne hospitere litt hos kvarandre i denne strategiprosessen.

(Utfordringar)

I møtet med råd og stabar spurte vi:

- Kva lengtar me etter at kyrkja skal bety for folk?
- Og kva er det umisselege for oss?

Hald fram med å stille desse spørsmåla, kvar for dykk og gjerne saman også. De vil så mykje, og det er flott, men det kan fort bli krevjande om ein ikkje også stoppar opp og spør kva som er det viktigaste.

I begge kyrkjelydane har de godt med frivillige. Godt arbeid med desse legg grunnlaget for mykje av aktiviteten, og er ein verdi i seg sjølv. Her kan de gjerne inspirera kvarandre.

De samarbeider godt med kommunen og lag og organisasjonar. Inviter gjerne til samarbeid med fleire kristne lag og forsamlingar, der det høver og vert opna for.

Og: Våg å vera stille for Gud og søkja nær Kristus. Det må alltid koma først, så går me ut og er nær folket etterpå. For i Os har de den fine visjonen "Nær Kristus, nær kvardagen og nær kvarandre". Den ser eg stadig blir oppfylt, både i Os og i Fusa.

(Tunet og tuntreet)

Ganske straks skal me gå over tunet til ein velfortent kyrkjekaffi. Tunet, samlingsstaden for mykje av det kyrkjelege arbeidet her i Os når de ikkje er i kyrkjene.

Kanskje kan biletet på tunet også vere eit bilete for korleis de i Os og Fusa kan tenke om at de høyrer saman, men også er kvar for dykk i arbeidet de står i:

Gå over tunet og sjå til kvarandre. Vit om kvarandre, lær av kvarandre, del med kvarandre. Og gjer det med respekt for skilnader og tradisjonar og ressursar.

Ver alltid medvitne om at det som bind dykk saman i tunet er Tuntreet, Jesus Kristus, som strekker seg mot himmelen og har djupe røter. Stammen er Kristus, kyrkjelyden er greinene. Nettopp difor står det her mellom dykk, nettopp difor er Guds kyrkje her.

(Takk)

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjere dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, kyrkjevevje og dagleg leiar og alle dei tilsette, sokneråd og fellesråd for det store arbeidet med visitasmeldinga som de skreiv før eg kom og for tilrettelegging og fellesskap medan me var her. Takk til kommunen for eit godt møte med dykk, for samarbeid og finansiering. Takk til skulane me fekk besøke både i Fusa, på Os og på Kongshaug.

Og med dette reiser eg heim, med stor takk i hjartet og ber om Guds velsigning over kyrkjelydane i Bjørnafjorden, i Os og i Fusa.

Björgvin bispestol, 23.november 2025

Biskop Ragnhild Jepsen